

Flora Turlag - retningslinjer og satsar for kursstøtte.

Overordna målsetting og prinsipp

FT vil så langt råd er gje økonomisk støtte til relevante og prioriterte kurs for turleiarar, tillitsvalde og medlemmer i samsvar med gjeldande budsjett, handlingsplan og årlege prioriteringar.

Innsats/støtte vil likevel variere frå år til år, og nokre kurs/kursområde vil i periodar vere prioriterte framom andre avhengig av behov og gjeldande ”dekningsgrad”.

FT vil kvart år som hovudregel ha ei naturleg fordeling av både **breiddekurs** som

- ambassadør-/ nærturleiar-/ grunnleggjande-/ sommarkurs etter kursmodular frå DNT

- kurs i førstehjelp og GPS

og **nisjekurs** (smalare kurs) for nokre få for å sikre samla og ”tverrfagleg” kompetanse.

Ved all kursstøtte er det eit minstekrav av den får støtte **er medlem av FT/DNT**, eller at vedkomande **teiknar medlemskap parallelt med søknaden/støtta**.

Ved all kursstøtte vil det som hovudregel også vere knytta visse ”**motytingar**” i form av turleiing frå vedkomande som får støtte.

1. Standard DNT-kurs/kursmodul

Type kurs	1.1. DNT ambassadør/nærturleiar kurs
Tilskot	100 % av kursavgift, overnatting og turleiarbok.
Vilkår 1:	Deltakar søker/varsler styret minst 1 mnd. før kurset.
Vilkår 2: Ambassadør kurset	Inga spesiell motyting, men deltakar må vere medlem av FT.
Vilkår 3: Nærturleiar kurset	Deltakar må være medlem av FT og må forplikte seg til å leie eller vere med leiar på (minst) 2 turar i 2 påfølgjande år.

Flora Turlag - retningslinjer og satsar for kursstøtte.

Type kurs	1.2. DNT grunnleggande/sommarkurs
Tilskot	100 % av kursavgift og overnatting.
Vilkår 1:	Deltakar søker styret minst 1 mnd. før kurset.
Vilkår 2:	Deltakar skal ha gjennomført ambassadør-/nærturleiarkurs, og må forplikte seg til å leie (minst) 2 sommarturar i 2 påfølgjande år.

Type kurs	1.3. DNT vinterkurs
Tilskot	100 % av kursavgift og overnatting.
Vilkår 1:	Deltakar søker styret minst 1 mnd. før kurset.
Vilkår 2:	<ul style="list-style-type: none"> • Deltakar skal ha gjennomført både ambassadør-/nærmiljøkurs og sommarkurs, og bør i tillegg ha gjennomført førstehjelpskurs og ev. GPS-kurs. • Deltakar må forplikte seg til å leie (minst) 2 vinterturar i 2 påfølgjande år.
Vilkår 3	Behovsprøving/sterkt avgrensa tal

Type kurs	1.4. Godkjent DNT skredkurs eller tilsvarande
Tilskot	100 % av kursavgift og overnatting.
Vilkår 1:	Deltakar søker styret minst 1 mnd. før kurset.
Vilkår 2:	Deltakar skal dei 2 siste åra ha leia sommar- og/eller vinterturar, og må i tillegg forplikte seg på å leie (minst) 2 vinterturar i 2 påfølgjande år.
Vilkår 3	Behovsprøving/sterkt avgrensa tal

2. Andre relevante kurs

Type kurs	2.1. Brekurs – første gongs eller oppfriskingskurs
Tilskot	Etter nærare avtale/styrehandsaming
Vilkår 1:	Søknad minst 1 mnd. før kurset
Vilkår 2:	Etter nærare avtale/vedtak

Flora Turlag - retningslinjer og satsar for kursstøtte.

Type kurs	2.2. Førstehjelpskurs/GPS-kurs
Tilskot	100 % av kostnad, men avgrensa oppover til kr 500 pr. deltakar.
Vilkår 1:	Deltakar må vere FT-medlem. Ikkje-medlemer kan delta om ledig plass, men skal betale kostpris (100 %).
Vilkår 2:	Påmelding etter utlysing/kunngjering/påmeldingsfrist

Type kurs	2.3. Andre relevante kurs
Tilskot	Etter nærare avtale/styrehandsaming
Vilkår 1:	Søknad minst 1 mnd. før kurset
Vilkår 2:	Etter nærare avtale/vedtak

3.” Pålagde” kurs/samlingar

Type kurs	3.1. Diverse ”pålagde” i spesielle tilfelle
Tilskot	100 % av kurskostnad + reise + ev. tapt arbeidsforteneste
Vilkår 1:	Etter nærare avtale med styret
Vilkår 2:	

Utkast: 17.02.22 (til drøfting i styret)
 Revidert utkast: 30.05.22 (for endeleg vedtak i styret 31.05.22)
 Revidert gjeldane: 01.06.22

Søknad: Sjå Flora Turlag – søknadsskjema for kompetansehevande kurs